

Ørsta 05.10.2020

Vedlegg A1:

"REGULERINGSARBEID FOR " «DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET» (GNR. 31, BNR. 1 OG 7) I VOLDA KOMMUNE

VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Møre 14.09.2019 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad var sett til 29.10.2019.

Utvida varsling grunna justering av plangrena vart sendt berørte partar (jf. over) 11.11.2019. Frist for merknad vart sett til 12.12.2019.

Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:

- | | |
|--|-----------------|
| 1) Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE | dat. 21.10.2019 |
| 2) Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 22.10.2019 |
| 3) Statens vegvesen | dat. 24.10.2019 |
| 4) Direktoratet for mineralforvaltning | dat. 25.10.2019 |
| 5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 25.10.2019 |
| 6) Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE | dat. 12.11.2019 |
| 7) Statens vegvesen | dat. 21.11.2019 |
| 8) Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 03.12.2019 |
| 9) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 04.12.2019 |
| 10) Direktoratet for mineralforvaltning | dat. 12.12.2019 |
| 11) Mattilsynet | dat. 09.12.2019 |
| Anna avklarande korrespondanse: | |
| 12) Statens vegvesen | dat. 04.12.2019 |
| 13) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 19.03.2020 |

Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:

1. Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE

Utdrag:

Heile planområdet ligg innanfor aktsemdskart for skred, jf. NVE Atlas. Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part.

Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf. pbl § 12-6) og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at skreddempande skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår vi til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen og sikra gjennom planføresegnene.

Kommentar:

Skredfaren er vurdert i eigen rapport frå Asplanviak «SKREDFAREVURDERING FOR REGULERINGSSARBEID GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 03.02.2020, jf. vedlegg C4 i plansaka. Påpeika tiltak er innarbeidd i planframlegget.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune

Utdrag:

Vi vil særleg peike på etterbruken av området etter at masseuttaket er ferdig. Det vil vere viktig å sikre området og gjere såra i landskapet lite omfattande som mogleg. Vi vil tilrå å legge dei konkrete krava til etterbruken inn i føresegnene for å gjere dei juridisk bindande.

Kommentar:

Etterbruken er teken inn i føresegnene. Det visast elles til illustrasjonsplan vedkomande tilstelling av planområdet etter at uttak av masser er ferdig stilt og knuste masser transportert vekk frå lagringsområda.

3. Statens vegvesen (SVV)

Utdrag:

I og med at Rosethorntunnelen på E39 ligg innanfor planområdet, må det i planføresegna setjast krav om minimumsavstand mellom tunnelen og masseuttaket og grense for risting i tunnelen ved drift av masseuttaket. Avstanden mellom masseuttaket og vegg i tunnelen bør setjast til minimum 20 m og til tunnelheng minimum 25 m, og nivå for maksimal risting (vibrasjonar) målt i tunnelen ved drift (sprenging) i masseuttaket skal ikkje vere større enn 20 mm/s.

Kommentar:

I føresegna er sett inn minimum avstand mellom uttak og tunnel i samsvar med merknaden til SVV. Tiltakshavar har «skote prøver» og gjort registreringar kva gjeld risting/vibrasjonar. På slik måte er minsteavstand over sjekka ut at er OK. Viser til eige vedlegg som følgjer planomtalen.

4. Direktoratet for mineralforvaltning

Utdrag:

Førekomsten:

Plandokumenta må innehalde ei skildring av mineralressursen og ei vurdering av om den har dei ønskelege eigenskapane for den aktuelle bruken av massane. DMF rår til at det blir gjort greie for kvalitet og kvalitetsvariasjonar, bruksområder og marknad på kort og lang sikt.

Generelt om forholdet mellom minerallova og plan- og bygningslova:

Reguleringsføresegner bør ikkje bli gjeve på ein slik måte at dei bind opp drifta og avslutninga av masseuttaket.

Konsesjon for masseuttaket som no skal regulerast, må vere gitt før drift i uttaket kan bli sett i verk. DMF rår til at forholdet til minerallova blir teke inn i reguleringsføresegna, på følgjande eller liknande måte:

«Drift skal skje i samsvar med føresegnar i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova.»

Sikring, skjerming og etterbruk:

Den som driv masseuttak som blir omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. Det er difor viktig at det i reguleringsplanen blir sett av tilstrekkeleg areal for sikringstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse. Dersom det er naudsynt må det leggast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. Ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon. Etterbruk av området og eventuelle funksjonskrav til arealet etter avslutta uttak bør gå fram av reguleringsplanen.

Kommentar:

Førekomsten:

Det er utført prøvetaking på øvre pall (posisjon P1) for kontroll av mekanisk stabilitet/styrke. Tiltakshavar har teke prøva basert på ei generell representativ vurdering av lokaliteten. LABTEST (Laboratoriumtjenester for stein og pukkproduksjon) har utført testen ved bruk av Los-Angeles-metoden for fastsetting av både micro-Deval koeffisient (M_{DE}) og Los Angeles-verdi (LA). Prøven viser ein M_{DE} -verdi lik 12, kravet er <15 , og ein LA-verdi på 19, kravet er <35 . Konklusjonen – ut frå den aktuelle prøva – er at massane kan nyttast til bære- og forsterkningslag i alle vegar. Massane er ikkje testa for bruk som asfalttilslag. Vi viser elles til Driftsplanen der løpande kontrollar av både micro-Deval koeffisient (M_{DE}) og Los Angeles-verdi (LA) vil bli gjentatt løpande i driftsfasen. Vi viser til vedlegg D. I tillegg til bruk i vegbygging vil massane kunne nyttast i landbruksføremål, bustadføremål og i tilknytning til industriområde med unnatak av som tilslag til asfalt- og betongprodukt. Masseuttaket «Grevsneset» vil dekke Aurstad sitt behov for masser i området Volda og Ørsta i uttaksperioden. Det er noko usikkert kor store mengder som vil nyttast årleg, men det er i driftsplanen lagt til grunn eit forbruk på 50.000 – 100.000 m³ årleg. Dette betyr ein driftsperiode på 8-15 år.

Generelt om forholdet mellom minerallova og plan- og bygningslova:

1. avsnitt: Planen og føresegnene bind ikkje opp sjølve drifta av masseuttaket. Avslutninga av massetaket er likevel teke med då det er lagt til grunn at planert areal/nedste uttaksplatå skal lagast til som jordbruksområde.
2. avsnitt: Det vert lagt til grunn at konsesjon for masseuttaket vert gitt før oppstart av tiltaket.
3. avsnitt: er teken inn i føresegnene.

Sikring, skjerming og etterbruk:

1. sikringstiltak går fram av planen.
2. Vegetasjonsskjerm – ikkje vurdert som naudsynt. Uttaksområdet ligg i god avstand frå lokalitet av naturtypen rik edellauvskog og det vert førebels ikkje vurdert som naudsynt med særlege tiltak.
3. Etterbruken: Har tatt inn krav til etterbruken av området i føresegnene.

5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utdrag:

Natur- og miljøvern:

Planområdet grensar i sør til ein lokalitet av naturtypen rik edellauvskog. Lokaliteten har verdi svært viktig fordi det er ein etter måten stor og artsrik edellauvskogslokalitet og hasselhage med ein del sjeldne og dels varmekjære artar. For å hindre uheldig påverknad frå tiltaket, må det leggast inn ein buffersone mellom planområdet og naturtypen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing:

Vi minner om at det må gjerast ei nærare avklaring av reell skredfare i samband med planarbeidet.

Landbruk:

Ved avslutta masseuttak er det tenkt at den flate delen av uttaksområdet byggast opp med massar slik at arealet kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom dette skal bli vellukka, er det viktig at ein knyter til seg kompetanse på området. Vi ber om at føresegnene set konkrete krav til opprydding og reetablering av arealet.

Forureining og støy:

Vi minner om at tiltaket treng løyve etter forureinsingslova. Der masseuttak inneber stasjonært eller

midlertidig knuseverk, samt siktestasjon som produserer pukk, sand og singel, omfattast tiltaket av forureiningslova kapittel 30. Her stillest det krav til skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv, utslepp til vatn, støy m.m. (jf. §§ 30-1 til 30-13).

Kommentar:

Natur- og miljøvern:

Grensa for lokaliteten av naturtypen rik edellauvskog er lasta ned frå Miljødirektoratet si nedlastingsløyning og lagt inn på plankartet. Det er vist buffersone i breidd 30 meter på plankartet (Særlege landskapsomsyn, sosi-kode 5500) etter råd frå fylkesmannen. På areal nedom eks veg (mot sjøen) er ikkje teke med slik sone då massetaket i sør ikkje grensar til dette området.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing:

Skredfaren er avklara gjennom eigen ras rapport, jf. vedlegg til planen. Tiltak er innarbeidd i planen.

Landbruk:

Det vert lagt til grunn at tilstelling av jordbruksareala skjer i samsvar med Norsk landbruksrådgeving/NIBIO sin rettleiar «jordmassar – frå problem til ressurs». Dette er teke inn i føresegnene til planen.

Forureining og støy:

Søknad om igangsetting av tiltaket etter forureiningslova vert sendt inn når planen er stadfest. Vi viser elles til at fylkesmannen allereie har godkjent etablering av anlegg for returafalt og returbetong. Støysituasjonen er nærmare avklara gjennom eigen støyrapport (jf. vedlegg C3) og naudsynete tiltak innarbeidd i planframlegget.

6. Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE

Utdrag:

NVE ser ikkje at utviding av planområdet har verknader for våre saksområde utover våre innspel i brev datert 21.10.2019, og har ikkje særskilde merknader til endra planområde.

Kommentar:

Ingen

7. Statens vegvesen

Utdrag:

Statens vegvesen har ikkje merknad til at planområdet vert utvida som varsla i ovannemnde skriv. Uttalen – med merknad – i brev herifrå 24.10.2019 vert gjort gjeldande også for det utvida planområdet.

Kommentar:

Ingen

8. Møre og Romsdal fylkeskommune

Utdrag:

Vi har ingen merknader til utviding av planområdet.

Kommentar:

Ingen

9. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utdrag:

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til utvidinga av planområdet ut over det som går fram i vår fråsegn ved varsel om oppstart, i brev av 25.10.2019.

Kommentar:

Ingen

10. Direktoratet for mineralforvaltning

Utdrag:

DMF har ingen merknader til justering av plangrensa.

Kommentar:

Ingen

11. Mattilsynet

Utdrag:

Vi er kjende med at husstandane på Grevsneset ikkje er tilknytta offentleg vassverk. Sidan det på tidlegare tidspunkt har pågått sprengingsarbeid og masseuttak i området er det forventa at det allereie er utført ei kartlegging og risikovurderinga av lokale vasskjelder i området. I følge drikkevassforskrifta §4 er det forbode å forureine drikkevatt, jf. §§ 12 og 26. Det må ved behov utførast sikringstiltak som hindrar at drikkevasskjelde(r) med tilhøyrande tilsigsområde vert påverka negativt, i form av forureining eller redusert kapasitet.

Kommentar:

Tiltakshavar har følgjande registreringar og vurdering:

«Vassinntaket på Grevsneset ligg ca. 300m fra husa mot Volda. Det er to borede brønner. En gammel på 60m og en fra tidlig 90 tallet som er på ca. 100m
Siden brønnen ligg så langt fra bruddet, kan jeg ikke se at det foreligger teoretisk mulighet til at brønnen blir forurenset eller at den endrer karakter pga. driften i bruddet.»

12. Statens vegvesen

Utdrag:

Viser til e-post av 28.11. d.å. frå K A Aurstad AS v/ Cato Aurstad med spørsmål knytt til målingar av ristingar i tunnel.

Aktuelle måleresultat vert å sende Statens vegvesen på e-postadressa:
firmapost-midt@vegvesen.no

Kommentar:

Er av tiltakshavar utført i hht ovanstående.

13. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utdrag:

I e-post av 13. mars, blir vi bedt om å gi eit råd om kva breidde ei slik buffersone bør ha. For at buffersona skal ha ønska effekt, må den ha ei viss breidde. Vi ber difor om at dei austlegaste 30 metrane av planområdet setjast av til buffersone, der det altså ikkje skal vere aktivitet.

Kommentar:

Buffersone som bedt om er lagt inn i planframlegget.

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- *Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet*
- *Det vil vere viktig å sikre området og gjere såra i landskapet lite omfattande som mogleg.*
- *Det må i planføresegna setjast krav om minimumsavstand mellom tunnelen og masseuttaket og grense for risting i tunnelen ved drift av masseuttaket*
- *Mineralressursen må skildrast og det må gjevast ei vurdering av om den har dei ønskelege eigenskapane for den aktuelle bruken av massane*
- *Uttaksområdet må sikrast*
- *Planområdet grensar i sør til ein lokalitet av naturtypen rik edellauvskog. Lokaliteten har verdi svært viktig.*

- *Vi ber om at føresegnene set konkrete krav til opprydding og reetablering av arealet.*
- *Tiltaket krev løyve etter forureiningslova kap. 30. Her stillast krav til skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv, utslepp til vatn, støy m.m.*

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Skredfaren er vurdert, jf. vedlegga C4 og C5. Påpeika tiltak er innarbeidd i planframlegget.
- Etterbruken er teken inn i føresegnene.
- Det er sett grense for minimumsavstand mellom tunnelen og masseuttaket og grense for risting
- Mineralressursen er skildra. Massane har ønskjelege eigenskapar for aktuell bruk.
- Det er lagt inn buffersone mot edellauvskogen.
- Krav om ferdigstilling av arealet etter avslutta drift er teken inn i føresegnene.
- Krav som følgjer av forureiningslova kap. 30. er innarbeidd i framlegg til plan eller i driftsplan.
- Omsyn til edellauvskog er ivareteke. Støyvurdering og rasfare er gjennomført og tiltak innarbeidde. Støv frå drifta vert handsama i h.h.t. forskrift/driftsplan.

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar